



Innkalling

av

Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 07.07.2020
Møtestad: Kantina Nordhordlandshallen
Møtetid: 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
038/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
039/20	Godkjenning av møteprotokoll
040/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Alfa kommunikasjon AS - vidareutvikling av selskapet og skaping av nye arbeidsplassar
041/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Damas & Syriske delikatesser - Nye menyar, plakatar og reklame - ny pizzaovn
042/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Digibolt AS - Test av spenningssensor
043/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskole og Gjestehus - Leirskulegarden - delutbygging 1
044/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Falksen AS - Gjere Falksen betre kjent i marknaden
045/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Hagewick Bygg AS - Ny Sjanse
046/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Kulinarisk AS - ombygging av kjøkken/lokale
047/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – La Vita e Bella - bakstehus
048/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Museumssenteret i Hordaland - Med båt til kulturarven nord for Bergen - båtrote til 3 av musea i Hordaland
049/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Museumssenteret i Hordaland - Ullveka
050/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Nordhordland Utviklingselskap IKS - Smak av Nordhordland - vidareføring
051/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Norske Elementfabrikker AS - Sintef-godkjente bygningselement og nye innovative samanstillingsmetodar
052/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Portable Energy Plant AS - Forprosjekt - Landbasert tang og tareproduksjon-Grønn 2020.
053/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Purinam AS - Utvikle utstyr for

	mekanisk destruering av bakteriar
054/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – Synfaring AS - omstilling og tilpassing av drift
055/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet – User Solutions AS - Internasjonalisering for produktet Boil in Box
056/20	Søknad om tilskot til næringsfondet – Molvik bigard - Den søte smak av Alver - "Geografisk" honning.
057/20	Søknad om tilskot til næringsfondet – Reklamehuset Produksjon as - Profesjonalisering av Reklamehuset
058/20	Søknad om tilskot til næringsfondet – Romarheim Entreprenør AS - utvikling av autonom styring av anleggsmaskiner
059/20	Søknad om tilskot til næringsfondet – Solholmen Vertshus AS - Merkevarerbygging av reiselivsdestinasjonen Solholmen Vertshus AS

30. juni 2020

Stian Lavik
møteleiar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Arkiv:
JournalpostID: <jplD> 20/41896
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
038/20	Utval for næringutvikling og drift	07.07.2020

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv:
JournalpostID: <jplD> 20/41897
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
039/20	Utval for næringutvikling og drift	07.07.2020

Godkjenning av møteprotokoll
Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:
30.06.2020 ND protokoll 10_juni 2020

1415944



Møteprotokoll for Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 10.06.2020

Møtestad: Nordhordlandshallen, 4972

Møtetid: kantina 12:00 - 15:40

Det vart sendt ut rutinar for smittvern-reglar i samband med politiske møte.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Liv Høpland van der Kooij	SP	Medlem
Yngve Walaker	FNB	Medlem
Maya Riise	MDG	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Anders Ingar Solheim	FRP	Settemedlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Astrid Namtvedt Sylta	AP	Tormod Skurtveit - AP
Tommy Tjensvold Øvretveit	FRP	Anders Ingar Solheim - FRP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Kommunalsjef Hogne Haugsdal, kommunalsjef Anny Bastesen, leiar forvaltning avløy Arne Helgesen, rådgjevar næring og utvikling Tove Hagenes, tenesteleiar eigedomsforvaltning og investeringsprosjekt Lene Valle, møtesekretær Arthur Kleiveland

Sakliste

Saknr	Tittel
032/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
033/20	Godkjenning av møteprotokoll
034/20	Felles VA-norm for Alver kommune

- 035/20 Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde- høyring
- 036/20 Meldingar og orienteringar
- 037/20 Utviklingsplan for Vestland- høyringsuttale frå Alver kommune

032/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringutvikling og drift 10.06.2020:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

ND- 032/20 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

033/20: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for næringutvikling og drift 10.06.2020:

Behandling:

Utvalet godkjende protokoll for møte i ND 29. april.

ND- 033/20 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

034/20: Felles VA-norm for Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner VA-norm for Alver slik den ligg føre i saka. Den godkjende VA-norma skal leggjast til grunn ved all utbygging.»

Utval for næringutvikling og drift 10.06.2020:

Behandling:

Leiar forvaltning avløy, Arne Helgesen orienterte om saka og svara på spørsmål. Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 034/20 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner VA-norm for Alver slik den ligg føre i saka. Den godkjende VA-norma skal leggjast til grunn ved all utbygging.

035/20: Strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde-høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver formannskap er positive til at det er utarbeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024. Innspel og merknader til høyringa av strategidokumentet er oppsummert i saksutgreiinga.

Alver formannskap 30.04.2020:

Behandling:

På vegne av samarbeidspartia SP,AP, KRF og H ved A.Aa.Byrknes-KRF:

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020. Framlegget vart samrøystes vedteke

FO- 046/20 Vedtak:

Formannskapet sender saka til dei andre utvala for uttale og ber om at strategidokumentet som høyringa er basert på blir lagt ved saka. Sak 46/20 vert utsatt og kjem opp i neste politiske runde i juni 2020.

Ungdomsråd 02.06.2020:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert L Hansen.

UR tenkjer at dette er spennande arbeid, og vil nytta tida fram til høyringsfristen 15. juni til å komma med eit innspel til strategidokumentet.

UR- 022/20 Vedtak:

UR kjem med innspel til strategidokumentet innan 15. juni.

Eldreråd 08.06.2020:

Behandling:

Leiar plan og analyse, Kristin Nåmdal, orienterte om strategidokumentet for Nordhordland Unesco biosfæreområde og svara på spørsmål frå medlemmane i rådet.

Leiar i rådet, Olav M. Steinsland, kom med følgjande tilleggsmærknad under Mål for biosfæreområdet og strategiar punkt b) natur, miljø og klima:

Det bør tydeleggjerast endå meir under kulepunkt 2 kor viktig verdien av biologisk mangfald er, spesielt med tanke på menneskeskapt inngrep i naturen, t.d.

samferdsle, utbyggingsområder, industri, produksjon, oppdemning, vindkraft osv.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet. Utover det ingen merknader.

ER- 019/20 Vedtak:

Eldrerådet har følgjande merknad til Strategidokument for Nordhordland Unesco biosfæreområde:

Mål for biosfæreområdet og strategiar punkt b) natur, miljø og klima:

Det bør tydeleggjerast endå meir under kulepunkt 2 kor viktig verdien av biologisk mangfald er, spesielt med tanke på menneskeskapt inngrep i naturen, t.d.

samferdsle, utbyggingsområder, industri, produksjon, oppdemning, vindkraft osv.

Utval for helse og omsorg 09.06.2020:

Behandling:

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg som uttale frå HO:

Helse- og omsorgsutvalet i Alver er positive til at det er utabeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024.

Høyringsinnspel:

- Vi utfordrar strategien til å ta inn eit overordna punkt som handlar om menneske i biosfæreområdet, på lik linje med dei andre samleoverskriftene. Helse og omsorgsutvalet er oppteken av å understreke at kvart enkelt menneske er unikt og verdifullt i sitt bidrag til samfunnet.

- Utvalet ber om at strategidokumentet er utfyllande på forkortingar

- Dokumentet bør klargjera korleis ein skal forstå bærekraft i det heile

- Strategidokumentet bør skrivast slik at alle menneske, uavhengig av livssituasjon og funksjonsevne, kjenner seg att.

Framlegg til uttale sett fram i møtet, vart samrøystes vedteke.

HO- 019/20 Vedtak:

Helse- og omsorgsutvalet i Alver er positive til at det er utarbeida eit strategidokument for Nordhordland UNESCO biosfæreområde 2020 – 2024.

Høyringsinnspel:

- Vi utfordrar strategien til å ta inn eit overordna punkt som handlar om menneske i biosfæreområdet, på lik linje med dei andre samleoverskriftene. Helse og omsorgsutvalet er oppteken av å understreke at kvart enkelt menneske er unikt og verdifullt i sitt bidrag til samfunnet.
- Utvalet ber om at strategidokumentet er utfyllande på forkortingar
- Dokumentet bør klargjera korleis ein skal forstå bærekraft i det heile
- Strategidokumentet bør skrivast slik at alle menneske, uavhengig av livssituasjon og funksjonsevne, kjenner seg att.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:

Behandling:

Biosfæreområde, foreslått av Christel Villanger Håland, Høgre

Strategien synleggjer viktige mål, tiltak og verdiar for ei bærekraftig utvikling som Alver kommune bør innarbeida i sine overordna planar. Det er viktig at strategien er kjent for både innbyggjarar og kommunen, slik at det kan verta eit verktøy for arbeidet med bærekraftig utvikling.

Det kan vera utfordrande at det ikkje følgjer pengar med prosjektet, men både kunnskap, kompetanse og andre verdiar kan vera like viktig som økonomiske midlar.

Fellesframlegg:

Strategien synleggjer viktige mål, tiltak og verdiar for ei bærekraftig utvikling som Alver kommune bør innarbeida i sine overordna planar. Det er viktig at strategien er kjent for både innbyggjarar og kommunen, slik at det kan verta eit verktøy for arbeidet med bærekraftig utvikling.

Det kan vera utfordrande at det ikkje følgjer pengar med prosjektet, men både kunnskap, kompetanse og andre verdiar kan vera like viktig som økonomiske midlar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 038/20 Vedtak:

Uttale frå OKK - 09.06.2020:

Strategien synleggjer viktige mål, tiltak og verdiar for ei bærekraftig utvikling som Alver kommune bør innarbeida i sine overordna planar. Det er viktig at strategien er kjent for både innbyggjarar og kommunen, slik at det kan verta eit verktøy for arbeidet med bærekraftig utvikling.

Det kan vera utfordrande at det ikkje følgjer pengar med prosjektet, men både kunnskap, kompetanse og andre verdiar kan vera like viktig som økonomiske midlar.

Utval for næringsutvikling og drift 10.06.2020:

Behandling:

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande framlegg til uttale:

Utval for næringsutvikling og drift er positive til at det no vert laga eit strategidokument for Nordhordland Biosfæreområde og støttar seg på høyringsuttale i saksutgreiinga frå administrasjonen.

Utvalet vil peika på at berekraftig næringsutvikling handlar om meir enn det som er fokusert på i satsingsområde 4 i strategidokumentet. Eit sunt næringsliv i seg sjølv er ein motor for den økonomiske delen av berekraft, og mykje av næringslivet driv allereie si verksemd på ein berekraftig måte. Dette må takast med og vetkleggjast i det vidare arbeidet med biosfæreområdet.

Utvalet vil også understreka at berekraftig næringsutvikling er ein føresetnad for levande lokalsamfunn, og at dette såleis også høyrer heime under satsingsområde 1 i strategidokumentet, ikkje berre under satsingsområde 4.

Når det gjeld handlingsplanen, vil utvalet be om at det vert teke inn eit generelt punkt om nettverksbygging og kunnskapsdeling rundt biosfærestategien for næringslivet i regionen med vekt på korleis ein kan aktivera næringslivet i strategien. Dette er viktig for å sjå på korleis ein kan styrkja og vidareforedla det som fins av berekraftig næring i dag, og korleis ein kan dyrka fram nye idéar i og for næringslivet.

Vidare vil utvalet peika på viktigheita av at det er personar med god kompetanse på berekraftig næringsutvikling med i Biosfærerådet for å sikra eit heilskapsperspektiv for berekraft i rådet.

Framlegget frå Stian Lavik vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak. Framlegget frå Lavik fekk 6 røyster og vart vedteke mot ei røyst (Maya Riise;MDG)

ND- 035/20 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift er positive til at det no vert laga eit strategidokument for Nordhordland Biosfæreområde og støttar seg på høyringsuttale i saksutgreiinga frå administrasjonen.

Utvalet vil peika på at berekraftig næringsutvikling handlar om meir enn det som er fokusert på i satsingsområde 4 i strategidokumentet. Eit sunt næringsliv i seg sjølv er ein motor for den økonomiske delen av berekraft, og mykje av næringslivet driv allereie si verksemd på ein berekraftig måte. Dette må takast med og vetkleggjast i det vidare arbeidet med biosfæreområdet.

Utvalet vil også understreka at berekraftig næringsutvikling er ein føresetnad for levande lokalsamfunn, og at dette såleis også høyrer heime under satsingsområde 1 i strategidokumentet, ikkje berre under satsingsområde 4.

Når det gjeld handlingsplanen, vil utvalet be om at det vert teke inn eit generelt punkt om nettverksbygging og kunnskapsdeling rundt biosfærestategien for næringslivet i regionen med vekt på korleis ein kan aktivera næringslivet i strategien. Dette er viktig for å sjå på korleis ein kan styrkja og vidareforedla det som fins av berekraftig næring i dag, og korleis ein kan dyrka fram nye idéar i og for næringslivet.

Vidare vil utvalet peika på viktigheita av at det er personar med god kompetanse på berekraftig næringsutvikling med i Biosfærerådet for å sikra eit heilskapsperspektiv for berekraft i rådet.

036/20: Meldingar og orienteringar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

Utval for næringutvikling og drift 10.06.2020:

Behandling:

Kommunalsjef Hogne Haugsdal orienterte om følgjande:

- situasjonen for næringslivet og arbeidsmarknaden - som viser ei positiv utvikling
- status i arbeidet med lokal aktivitetsspakke for næringslivet
- Green Spot Mongstad - prosjektrapport er levert - orienteringsak til kommunestyret i juni, og vil koma attende til næringsutvalet i september
- droneprosjekt CG Labs - status i prosjektet
- områdeplan Knarvk sentrum - orientering om arbeidet og vidare prosess
- områdeplan Midtmarka/Rotemyra - orientering om planprosessen og om motsegner frå regionale styresmakter
- kommunedelplan E39 - status i planarbeidet og vidare prosess
- administrativ tilbakemelding i samband med ND-vedtak 031/20 - Meldingar og orienteringar, der utvalet drøfta aktuelle tiltak for å skapa aktivitet og tiltak i koronatida, knytt til t.d. reiseliv, landbruk, sommarjobb, lærlingeordning, utsetjing på skatt/avgiftsbetaling, og aktuelle tiltak i notat frå Mabel Johansen og Høgre
- rekruttering av ny næringssjef

Rådgjevar næring og utvikling, Tove Hagenes, orienterte om følgjande:

- status for næringsfondet - den samla stønadssummen er på 4.950.000 per 1. mai. Hagenes framheva mange gode søknader frå ei stor breidde av bransjar, og administrasjonen peika på at det er trong for å fylla på fondet med meir pengar om ein vil tildela meir midlar. Summen av tildelte midlar hittil i år - og prekvalifiserte søknader som ligg føre til handsaming no, er på 6.130.000 kroner.

- medlemskap i Klimapartner Vestland

- Eigedomsforvaltning og vedlikehaldsplan - orientering v/tenesteleiar Lene Valle,

eigedomsforvaltning og investeringsprosjekt

Utvaleiaren orienterte også kort frå møte i kontaktutvalet med næringslivet, møte med administrasjonen om aktuelle nærings saker, og om representantskapsmøte i NGIR, der Ottar Skjelvik er valt til ny styreleiar i selskapet.

Utvaleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift vil rå til at kommunestyret løyver NOK 1 500 000,- ekstra til næringsfondet i 2020 i tråd med prekvalifisering av søknader frå administrasjonen. Vidare vil utvalet be om at administrasjonen kjem tilbake med ei sak om evaluering av vedtekter og prosessar kring for fondet til hausten, slik at utvalet evt. kan leggja dette fram for kommunestyret.

Basert på vidare utgreiing frå administrasjonen, rår Utval for næringsutvikling og drift til at Alver kommune vurderer å inngå ein klimapartneravtale med Klimapartner Vestland i 2021.

Utvalet ynskjer at Bergen Reiselivslag kjem og orienterer om reiselivet i Alver og mogelegheiter kring det i eit møte til hausten.

Utvalet ynskjer at Industriutvikling Vest kjem og orienterer kring potensielle relevante prosjekt og samarbeid med kommunen.

Utvalet takkar elles for god informasjon og tek saka til orientering.

Utval for næringsutvikling og drift vedtok samrøystes Stian Lavik sitt framlegg.

ND- 036/20 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift vil rå til at kommunestyret løyver NOK 1 500 000,- ekstra til næringsfondet i 2020 i tråd med prekvalifisering av søknader frå administrasjonen. Vidare vil utvalet be om at administrasjonen kjem tilbake med ei sak om evaluering av vedtekter og prosessar kring for fondet til hausten, slik at utvalet evt. kan leggja dette fram for kommunestyret.

Basert på vidare utgreiing frå administrasjonen, rår Utval for næringsutvikling og drift til at Alver kommune vurderer å inngå ein klimapartneravtale med Klimapartner Vestland i 2021.

Utvalet ynskjer at Bergen Reiselivslag kjem og orienterer om reiselivet i Alver og mogelegheiter kring det i eit møte til hausten.

Utvalet ynskjer at Industriutvikling Vest kjem og orienterer kring potensielle relevante prosjekt og samarbeid med kommunen.

Utvalet takkar elles for god informasjon og tek saka til orientering.

037/20: Utviklingsplan for Vestland- høyringsuttale frå Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Høyringsuttale frå Alver kommune til Regional utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er oppsummert i saksutgreiinga.

Eldreråd 08.06.2020:**Behandling:**

Leiar plan og analyse, Kristin Nåmdal, orienterte om utviklingsplanen for Vestland. Ho peika på at regionale planar betyr noko for kommunane, og det er difor viktig at Alver er engasjert i regionale planprosessar og kjem med innspel.

Eldrerådet kom ikkje med merknader.

ER- 023/20 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader til Utviklingsplan for Vestland.

Utval for helse og omsorg 09.06.2020:**Behandling:**

Sølvi Knudsen (SP) sette fram følgjande endringsframlegg:

Utval for helse og omsorg tek rådmannen sitt høyringssvar til orientering.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg frå Knudsen.

HO- 023/20 Vedtak:

Utval for helse og omsorg tek rådmannen sitt høyringssvar til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:**Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

OKK- 040/20 Vedtak:

Ingen merknader.

Utval for næringutvikling og drift 10.06.2020:**Behandling:**

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande framlegg:

Utvalet sluttar seg til administrasjonen si høyringsuttale og vil i tillegg peika på viktigheita av god medverknad for kommunane i det vidare planarbeidet. Framlegget frå Stian Lavik vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak. Utvalet vedtok samrøystes Lavik sitt framlegg.

ND- 037/20 Vedtak:

Utvalet sluttar seg til administrasjonen si høyringsuttale og vil i tillegg peika på viktigheita av god medverknad for kommunane i det vidare planarbeidet.

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41805
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
040/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Alfa kommunikasjon AS - vidareutvikling av selskapet og skaping av nye arbeidsplassar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Vidareutvikling av selskapet og skaping av nye arbeidsplassar» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020. Midlane fordelast med 25.000,- pr. år i to år.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Alfa kommunikasjon AS er eit aksjeselskap, etablert 01.05.2019. Det er 8 tilsette. (Kjelde: proff.no)

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Søkjjar opplyser at dei er ei bedrift som driv med sal av tele- og dataløysingar frå kontoret på Frekhaug. Dei er i dag 5 fast tilsette. Dei har eit samarbeid med Gløde med 3 personar på tiltak / arbeidstrening. Føretaket er godkjent som opplæringsbedrift hjå Opplæringskontoret for Nordhordland og vurderer å tilsette 1 lærling innan salsfaget hausten 2020.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektet skal vidareutvikle og skape minimum 6 nye arbeidsplassar. Dette er både tidkrevjande og ressurskrevjande, men med støtte frå Alver kommune kan arbeidsplassane bli skapt i 2020 og 2021. I løpet av 2020 skal det skapast 3 nye arbeidsplassar og ytterlegare 3 tidleg i 2021. 3 av dei er relatert til leveranse/support og 3 er relatert til sal. Alle arbeidsplassane blir lokalisert i Alver kommune.

Alfa kommunikasjon AS søkjer midlar til prosjekt som går over 2 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak vidareutvikling av føretaket.
- Mesteparten av investering gjeld innkjøp av utstyr (kr.535.340,-), dette er i samsvar med vedtektene sitt pkt.4.2.
- Ein del av finansieringa er sal av produkt. Normalt er ikkje dette er påliteleg/tilstrekkeleg finansieringsgrunnlag.
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden innanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast.

Rapportering skal skje minimum to ganger per år, jamfør fondsvedtektene pkt. 6.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	22 Alfa kommunikasjon_Søknad_28apr 2020	1415938
30.06.2020	22 Alfa kommunikasjon_Søknad_Vedlegg_28apr 2020	1415939
30.06.2020	22 Alfa kommunikasjon_Søknad_Vedlegg_Markedsplan_28apr 2020	1415940
30.06.2020	22 Alfa kommunikasjon_Søknad_Vedlegg_Økon_28apr 2020	1415941

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41700
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
041/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Damas & Syriske delikatesser - Nye menyar, plakatar og reklame - ny pizzaovn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Nye menyar, plakatar og reklame - ny pizzaovn», blir tildelt kr 20 000 frå Næringsfondet i 2020.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

Damas & Syriske delikatesser vart etablert 04.03.2019 og har 5 tilsette. (Kjelde: proff.no)

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Damas & Syriske delikatesser har nyleg tilsett 2 ungdommar i samband med førre tildeling frå Lindås kommune sitt næringsfond. Den siste tida har gitt nedgang og dei ynskjer betre kundegrunnlag. Dei har trong for ny pizzaovn. Kommunen si etablering av kundesenter og bibliotek i nabolaget kan muleg bidra i kundegrunnlaget.

Prosjektleveranse/Målsetting

Marknadsføring med nye menyar, plakatar: Innkjøp av ny Pizzaovn

Damas & Syriske delikatesser søker midlar for 1 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak nytt utstyr, dette er i samsvar med vedtektene sitt pkt.4.2.
Delar av prosjektet innerber marknadsføring.
- Prosjektet har ei klar målsetting.
- Den økonomiske gjennomføringsevna i prosjektet vert vurdert som realistisk til å bera kostnadane.
- Støtnadsbeløp kan ikkje overstige meir enn 50% av samla kapitalbehov, jfr.pkt.4.3., totalt er det søkt om meir enn dette.

- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden innanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast.

Rapportering skal skje minimum to gonger per år, jamfør fondsvedtektene pkt. 6.

Vedlegg i saken:

30.06.2020

14 Damas_søknad_apr 2020

1415474

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41627
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
042/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Digibolt AS - Test av spenningsensor

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Test av spenningsensor» blir tildelt kr 70 000 frå Næringsfondet i 2020.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Digibolt AS vart etablert 05.04.2019 og har 2 tilsette.

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Digibolt AS har utvikla ein unik sensor i form av ei skive til bolteforbindingar. Denne måler at ein har rett tiltrekkingsmoment under installasjon samt at bolten har den funksjonalitet den skal ha i heile si levetid.

Dette er ei kraftig digitalisering og effektivisering av tradisjonelle tenester for service og vedlikehald.

Hovudprosjektet til Digibolt AS er støtta av Norges Forskningsråd med ei total ramme på 15,8 millionar. Den omsøkte støtta er utanfor dette scopet (prosjektet).

Prosjektleveranse/Målsetting

For å utvikle produktet vidare, treng verksemda å teste funksjonalitet på sensor, lesar og kommunikasjon/system i så reelle forhold som mogeleg. Denne testinga er målet for prosjektet. Dette delprosjektet handlar om å identifisere og starte pilotar for bruk av digital teknologi hjå Nordhordlands-bedrifter knytt til installasjon og service, samt monitorering.

Digibolt AS søker midlar for 1,5 år.

Vurdering

- Søknaden gjeld i hovudsak testmålingar. Testmålingane skal gjennomførast hjå lokale bedrifter i 1,5 år. Det omsøkte prosjektet er eit sideprosjekt. Hovudprosjektet til Digibolt AS er støtta av Norges Forskningsråd med ei total ramme på 15,8 millionar. Det omsøkte «sideprosjektet» er utanfor hovudprosjektet. Midlane skal hovudsakleg gå til arbeid med testmålingar (dekke kostnader til løn/utgifter). Det er vanskeleg å sjå samanheng i forhold til «hovudprosjektet» og dette «sideprosjektet» sitt resultat.
- 64% av selskapet er eigd av personar med bustad utanfor Alver kommune.

- Tiltaket vurderast å ha lågare grad av sysselsettingseffekt og samfunnsnytte i den fasen som prosjektet er i no.
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden innanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast.

Rapportering skal skje minimum to gonger per år - jamfør fondsvedtektene pkt. 6.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	12 Digibolt_søknad_rev_28 apr april 2020	1415336
30.06.2020	12 Digibolt_søknad_vedlegg_29 mars 2020	1415337

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41885
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
043/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskole og Gjestehus - Leirskulegarden - delutbygging 1

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskole og Gjestehus mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskole og Gjestehus er eit Enkeltpersonforetak etablert i 24.08.2003. Føretaket har ingen tilsette. (Kjelde: proff.no).

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Dyrkolbotn Fjellstove fekk tilskot på 100.000 kr frå Lindås kommune sitt næringsfond til nybygg personalbustad og gjestemottak. Prosjekteigar har meldt at prosjektet må settast på vent. Søkjar ynskjer omdisponert midlane til utbygging av leirskulegarden.

Prosjektleveranse/Målsetting

- a. Nydyrking av 10 dekar.
- b. Oppgradering av driftsbygning med plass til dyrefôr.
- c. Utvide sesongen med husdyr ved leirskulen.
- d. Sette i stand smie og verkstad, for å gi betre pedagogisk tilbod og aktivitet.

Gradvis utbygging av jordbruket til heilårs, allsidig husdyrhald, vil kunne gi ei styrking og forbetring av kvaliteten, både på miljøet generelt og på aktivitetsmangfaldet og det pedagogiske tilbodet.

Dyrkolbotn Fjellstove, Leirskole og Gjestehus søker midlar for eit prosjekt på 1 år.

Vurdering

- Søkjar ynskjer omdisponering av midlar gitt av Lindås kommune i sak FO-sak 051/19 kr. 100.000,-. Samtidig er opphavleg prosjekt meldt avbrote, korkje starta opp eller gjennomført.

Føresetnadene og tildelingsvilkåra i FO sak 051/19 er soleis ikkje stetta. Det er førebels ikkje tatt stilling til kva som skal skje med Lindås kommune sitt næringsfond.

- Det reviderte/omsøkte prosjektet gjeld i hovudsak leirskule- og gardsutvikling. Søknaden vurderast her som ein ny, frittståande søknad, frikopla frå tidlegare historikk.
 - Det kan søkjast om støtte til investeringar i nytt utstyr, jfr. Pkt.4.2.
 - Stønad skal nyttast til utviklingsprosjekt, ikkje til ordinær drift, jfr. Pkt.4.4.
- Prosjektet viser mindre grad av sysselsettingseffekt i Alver (Føremål pkt.1/Mål pkt.2.1), og har meir grad av drift.
- Prosjektet har låg grad av innovasjon
- Etter ei vurdering samla sett, fell ein større del av søknaden utanfor fondet sine kriteriar / sitt arbeidsområde, enn det som fell innanfor. Søknaden bør ikkje innvilgast.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	31 Dyrkolbotn_Søknad 16 jun 2020	1415924
30.06.2020	31 Dyrkolbotn_Søknad vedlegg1 16 jun 2020	1415925
30.06.2020	31 Dyrkolbotn_Søknad vedlegg2 16 jun 2020	1415926

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41839
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
044/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Falksen AS - Gjere Falksen betre kjent i marknaden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Falksen AS mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune,

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Falksen AS er eit aksjeselskap. Etablert 05.09.2018. Ingen tilsett. (Kjelde: proff.no).

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Gjennom merkevarebygging ynskjer føretaket å gjere Falksen til eit alternativ for alle som skal pusse opp uteområdet. Falksen har pr i dag hovudfokus på import og sal av Wernamo Design sine gjerdeløysingar og hageprodukt. Per i dag produserer ikkje Falksen eigne produkt, men har som mål å utvikle og selje eigne innovative løysingar og produkt. Dei første åra ynskjer Falksen å skaffe agentur og rettar til sal av produkt som ikkje er tilgjengeleg for sal i Norge. Ein ynskjer så langt som muleg å tilsette lokalt. Kontor og lager skal ligge i Alver kommune. Føretaket har p.d. adresse på Flaktveit.

Prosjektleveranse/Målsetting

Auke omsetning, Bli totalleverandør av utstyr til hus og hage, Forbetre og vidareutvikle eksisterande produkt, Leiande på utstyr som ikkje allereie finst på den norske marknaden, Utvide til Danmark og etter kvart vidare til fleire land i Europa, Bli meir synleg via marknadsføring på nett, deltaking på messer og å tilsette seljar, Vidareutvikle eigen nettbutikk, Lagerføre produkta i Norge.

Falksen AS søkjer midlar for eit prosjekt på 1 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak marknadsføring og ei muleg tilsetting av 2 personar.
- Budjettet femnar tilsettingane i liten grad. Naudsynte inntekter som skal stetta nye arbeidsplassar er ikkje vist. Det er i tillegg rekna stor grad av eigeninnsats og utgjør 50 % av kostnadene der resterande 50% er tenkt dekkja av stønad frå fondet. Budsjettframstillinga svekkar truverdet i prosjektet.

- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden utanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er innanfor. Søknaden bør ikkje innvilgast.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	27 Falksen_Søknad_30apr 2020	1415823
30.06.2020	27 Falksen_Søknad_vedlegg_30apr 2020	1415824

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41655
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
045/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Hagewick Bygg AS - Ny Sjanse

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Ny Sjanse» - tilrettelegging av drift for tilsetting av utsette grupper, då spesielt tidlegare narkomane o.l. blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Hagewick Bygg AS vart etablert 05.05.2014 og har 8 tilsette.

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Hagewick Bygg AS har fleire år arbeidd som miljøarbeidar på ein institusjon for rehabilitering av rusmisbrukarar. På fulltid, deltid og som frivillig. På bakgrunn av dette har søkjar inngåande kjennskap til kor viktig det er med fast arbeid i tida etter rehabilitering, og ikkje minst kor stor ressurs tidlegare rusmisbrukarar kan vere. Hagewick Bygg AS blir drive som eit vanleg byggefirma, med eit visst rom for å ta inn menneske som treng ekstra oppfølging.

Prosjektleveranse/Målsetting

Delmål 1: Sommar/haust 2020. Kandidat 1 tilsett som lærling. Han er no i arbeidstrening.

Delmål 2: Haust/vinter 2020. Kandidat 2 i arbeidstrening.

Delmål 3: Vår/sommar 2021. Kandidat 2 lærling/tilsett.

Delmål 4: Sommar 2021. Kandidat 1 tømrrarsvenn

Hagewick Bygg AS søker midlar for 1 år.

Vurdering

- Prosjektet har ei god sysselsetningseffekt og høg grad samfunnsnytte. Prosjektet legg også opp til samarbeid med andre instansar i kommunen. Dette gjeld rehabilitering av personar med rusrelatert fortid. Rehabiliteringa skjer med støtte frå NAV.
- Prosjektet har ei klar målsetting. Føretak tar til vanleg inn lærlingar etter vanlege ordningar. Her er det personar som fell utanfor systemet. Det er muleg at prosjektet burde støttast frå anna hald, utan å meine noko om kva det skulle vere, men samtidig gir prosjektet fleire arbeidsplassar i Alver.
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden innanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast.

Rapportering skal skje minimum to ganger per år, jamfør fondsvedtektene pkt. 6.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	13 Hagewick_Søknad rev_12 mai 2020	1415459
30.06.2020	13 Hagewick_Søknad rev_vedlegg_12 mai 2020	1415460

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41850
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
046/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Kulinarisk AS - ombygging av kjøkken/lokale

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Kulinarisk AS mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Kulinarisk AS er eit aksjeselskap. Etablert 02.01.2015. 32 tilsette. (Kjelde: proff.no).

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Føretaket sitt hovudmål er servering av sunn og god mat laga frå grunnen i eige kjøkken, med fokus på smak og reine råvarer. Kundemasse har endra seg frå tidlegare «kvinner 30+» til no «aldersgruppe 55+».

I følgje CIDRAP-rapport kan Covidviret vare i to år. Føretaket vil bygge om kjøkkenet/lokalet for å endre drift til å kunne servere sushi og å levere catering.

Ein treng også profilering og marknadsføring, samt kompetanseheving.

Prosjektleveranse/Målsetting

Ombygging av kjøkken/lokale.

Kulinarisk AS søker midlar for eit prosjekt på 1 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak hovudsak Bygge nytt kjøkken (utstyr for 400.000,-), men også etablering av netthandel (125.000,-) og marknadsføring (125.000,-).
 - Det kan søkjast om støtte til investeringar i nytt utstyr, jfr. Pkt.4.2.
- Stønad skal nyttast til utviklingsprosjekt, ikkje til ordinær drift, jfr. Pkt.4.4.

- Prosjektet har mindre fokus på nye arbeidsplassar i Alver.
- Prosjektet har låg grad av innovasjon.
- Kulinarisk har fått stønad frå Lindås kommune i 2016 på kr.100.000,- i FO sak

061/16.

- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden utanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er innanfor. Søknaden bør ikkje innvilgast.

Vedlegg i saken:

30.06.2020 29 Kulinarisk_søknad_23 jun 2020

1415862

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41727
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
047/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – La Vita e Bella - bakstehus

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Bakstehus» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

La Vita e Bella vart etablert i 2011 og er eit enkeltpersonføretak. (Kjelde: proff.no)

Saksopplysningar:

Om prosjektet

La Vita e Bella består av Galleri Gamleskulen, Eikanger teikne-og maleskule og eiga kunstnerisk verksemd. Eigar av føretaket og av bygningen er same person.

Føretaket vart i 2019 tildelt kr. 50 000,- frå Næringsfondet i Lindås til nye aktivitetstilbod og heimeside.

Føretaket har søkt om midlar hjå Etablererfond for Bergensregionen-2020, kr. 50 000,- til etablering av bakstehus. Søkte då om midlar til forprosjekt med planlegging/besøk på liknande tiltak/kurs/tilrettelegging av rom/marknadsføring.

Har i 2020 fått tildelt kr. 80 000,- frå Fortidsminneforeningen til restaurering av vindauger + varevindauger.

Prosjektleveranse/Målsetting

Galleri Gamleskulen har vore nytta til kursverksemd og kunstutstillingar/sommarkafe frå 2018. Planen er å etablere eit bakstehus, som kan dra fleire kundar til staden. Søkjar ynskjer å innreia tilbygget som allereie er der til bakaromn med bakaromn og eltemaskin. Tilbod om bakst skal særleg gjelda sommar og helger, der det handlar om å skapa ein utfartsstad for folk i Nordhordland og Bergensområdet.

La Vita e Bella søkjer midlar for 1 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak innkjøp av utstyr, dette er i samsvar med vedtektene sitt pkt.4.2.
- Resultat frå andre søknader om stønad er ikkje avklart enno.
- Tiltaket vurderast å ha lågare grad av sysselsettingseffekt.
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden innanfor Næringsfondet

sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast.

Rapportering skal skje minimum to gonger per år, jamfør fondsvedtektene pkt. 6.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	18 La Vitae Bella_Bakstehus_søknad_27apr 2020	1415586
30.06.2020	18 La Vitae Bella_Bakstehus_Søknad_Vedlegg foto_27apr 2020_____	1415608

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41711
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
048/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Museumssenteret i Hordaland - Med båt til kulturarven nord for Bergen - båtrute til 3 av musea i Hordaland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Museumssenteret i Hordaland mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

Museumssenteret i Hordaland er ei stifting. Etablert 20.02.1995 og har 101 tilsette. (Kjelde: proff.no)

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Båtrute til 3 av MuHo sine museum: Norsk Trikotasjemuseum (NT), Lyngheiseret (LHS) og Vestnorsk utvandringssenter (VUS) med avgang frå Bergen til Salhus, Knarvik, Sletta og Lygra. Ei båtrute som famnar om både tilreisande, fastbuande, og ikkje minst næringslivet då det også vil gje betre infrastruktur i regionen. Vestland Fylkeskommune har innvilga søknad på 150 000. Dei kan berre utbetale dei, dersom resten av finansieringsplanen vert følgd.

Prosjektleveranse/Målsetting

Korleis musea skal forhalde seg i sommar er framleis litt uklart. Tanken var i utgangspunktet å få på plass ei båtrute frå medio juni til medio august, men det er godt mulig at det er betre å skyve det til august / september. Om ikkje Alver næringsfond kan bidra med heile søknadssummen, ønsker dei uansett å få ein båt på vatnet.

Museumssenteret i Hordaland søker midlar for 1 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak eit prosjekt for å få auka besøk til musea.
- Ein vil teste båtruta i c a. 2 månader sommaren 2020.
- Vestland Fylkeskommune innvilga søknaden med kr. 150 000. Dei kan berre utbetale dei, dersom resten av finansieringsplanen følgjast.
- No er det koronatider, og nesten all verksemd er satt på vent, spesielt innan

- reiseliv og kultur. Korleis musea skal forholde seg i sommar er framleis litt uklart.
- Fondet skal ikkje brukast til festivalar, kultur- og idrettsmidlar, jfr. Pkt.4.5.
 - Tiltaket vurderast å ha lågare grad av sysselsetningseffekt og samfunnsnytte i den fasen som prosjektet er i no.
 - Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden utanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er innanfor. Søknaden bør ikkje innvilgast.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	16 MuHo Båt _Søknad_23apr 2020	1415504
30.06.2020	16 MuHo Båt_Søknad_vedlegg_23apr 2020	1415505

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41719
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
049/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Museumssenteret i Hordaland - Ullveka

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Museumssenteret i Hordaland mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver komune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Museumssenteret i Hordaland er ei stifting. Etablert 20.02.1995 og har 101 tilsette. (Kjelde: proff.no)

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Ullveka har som føremål å styrke og vidareutvikle tradisjonar og aktivitet knytt til produksjon og bruk av ull, først og fremst i Nordhordland, men og andre stader i fylket, på sikt også nasjonalt. Gjennom dette skal det etablerast ei sterk satsing som skal fremje alle sider av norsk ull som ein verdifull fornybar ressurs.

Festivalen Ullveka er ei 10 dagars festveke med ull i fokus.

Prosjektleveranse/Målsetting

Å utvikle Ullveka til ein stor attraksjon

Museumssenteret i Hordaland søker midlar for 1 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak - Festivalverksemd.
- Søknad om støtte hjå Vestland Fylkeskommune med kr.190.000,-. Er ikkje avklart.
- Fondet skal ikkje brukast til festivalar, kultur- og idrettsmidlar, jfr. Pkt.4.5.
- Tiltaket vurderast å ha lågare grad av sysselsettingseffekt.

- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden utanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er innanfor. Søknaden bør ikkje innvilgast.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	17 Ullveka_Søknad_23apr 2020	1415515
30.06.2020	17 Ullveka_Søknad_resultat_23apr 2020	1415516
30.06.2020	17 Ullveka_Søknad_vedlegg_23apr 2020	1415517

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41800
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
050/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Nordhordland Utviklingselskap IKS - Smak av Nordhordland - vidareføring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Nordhordland Utviklingselskap IKS mottar ikkje støtte frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Nordhordland Utviklingselskap IKS er eit Interkommunalt selskap. Etablert 26.06.2003 og har 9 tilsette. (Kjelde: proff.no).

Saksopplysningar:

Om prosjektet

«Smak av Nordhordland» ynskjer å fremje næringsutvikling som baserer seg på dei blå og grønne ressursane i regionen. (Lokalmat frå Nordhordland). Prosjektet er forankra i Nordhordland Utviklingselskap IKS, og i kommunane i Nordhordland. Søknaden er ei vidareføring og profesjonalisering av prosjektet. I ei vidareføring av prosjektet vil det bli stilt strengare krav til dei som deltar i nettverket.

Prosjektleveranse/Målsetting

- Utvikle felles sal og marknadsføring: Gjere produkt frå Nordhordland meir kjent i marknaden og lettare å få tak i.
- Finne eit felles lager og godkjent produksjonslokale som fleire kan bruke. Samarbeidet mellom aktørane er godt. Felles lokale resulterer i nye produkt. 10 aktørar.
- Utvikle ein felles utsalsplass. Fast utsalsplass 1 gong i månaden
- Utvikle reiselivspakkar basert på mat frå Nordhordland. Minst fire reiselivspakkar er utvikla innan 2022
- Utvikle råvareliste til serveringsbransjen. Råvareliste vert sendt ut 4 gongar i månaden.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS søker midlar for eit prosjekt på 3 år.

Vurdering

- Prosjektet er forankra i Nordhordland Utviklingsselskap IKS, og i kommunane i Nordhordland.
- Prosjektet gjeld i hovudsak Proffesjonalisert samarbeid mellom matprodusentar.
- Prosjektet har ikkje omtalt verknader med omsyn til nye arbeidsplassar i Alver (sysselsettingseffekt).
- Prosjektet kan bidra til ny vekst i etablering av SMB-verksemdar i Alver. Prosjektet stimulerer til ei berekraftig næringsutvikling, men prosjektet har meir preg av vidareutvikling framfor nyvinning.
- Det er sendt søknad til Vestland Fylkeskommune med totalt kr. 500.000,-, og Fylkesmannen i Vestland med kr.120.800,-. Midlane skal fordelast over 3 år. Resultatet er ikkje kjent.
- Stønadsbeløp utgjer 58,7% av kostnadsbudsjettet. Stønadsbeløpet skal ikkje overstige meir enn 50% av samla kapitalbehov, (max-periode 3 år), jfr.pkt.4.3. Dei andre finansieringskjeldene er opplyst i søknaden.
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden utanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er innanfor. Søknaden bør ikkje innvilgast.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	25 NUIKS 2020_Søknad_29apr 2020	1415761
30.06.2020	25 NUIKS 2020_Søknad_vedlegg_29apr 2020	1415764

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41817
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
051/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Norske Elementfabrikker AS - Sintef-godkjente bygningselement og nye innovative samanstillingsmetodar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Sintef-godkjente bygningselementer og nye innovative samanstillingsmetoden» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Norske Elementfabrikker AS er eit aksjeselskap, etablert 22.05.2018, og har 11 tilsette. (Kjelde: proff.no)

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Føretaket driv med produksjon av høgt foredla bygningselement til bustad- og næringsbygg, monteringsferdige hus.

Prosjektleveranse/Målsetting

Søknaden gjeld å få sertifisert bygningselement og å utforske mulegheita for nye og innovative innfestingsmetodar for denne type element.

Norske Elementfabrikker AS søker midlar til 1 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak Sintef produktgodkjenning/produktutvikling mv. Prosjektet har lite fokus på nye arbeidsplassar i Alver.
- Prosjektet vurderast å ha lågare grad av sysselsettingseffekt i gjeldande fase og har meir preg av vidareutvikling framfor nyvinning.
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden innanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast.

Rapportering skal skje minimum to gonger per år, jamfør fondsvedtektene pkt. 6.

Vedlegg i saken:

30.06.2020 24 NEF_søknad_30apr 2020

1415793

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41836
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
052/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

søknad om tilskot frå næringsfondet – Portable Energy Plant AS - Forprosjekt - Landbasert tang og tareproduksjon-Grønn 2020.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Portable Energy Plant AS mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Saksopplysningar:

Om prosjektet

PEP - Portable Energy Plant AS har i samarbeid med Kentec i Korea utvikla ein eigen teknologi for forbrenningsanlegg for avfall. Anlegget produserer damp som kan brukast til oppvarming eller produksjon av straum. Samarbeid med renovasjonssektor, veksthusdrivarar og energiselskap kan gi mulegheiter for berekraftig, sirkulær og lokal utnytting av overskotsvarme og energi.

Prosjektleveranse/Målsetting

Ein ynskjer å utgreia om denne grønne energien kan nyttast til landbasert dyrking av tang og tare. Mål for forstudiet er å studere og dokumentere omgrepa brukarvennlegheit og marknadspotensial.

PEP – Portable Energy Plant AS søker midlar for eit prosjekt på 1,5 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak eit forprosjekt for tang- og tareproduksjon. Forprosjektet går ut på å lage ein studie.
- Prosjektet har liten tilknytning til Alver med tanke på arbeidsplassar.
- Føretaket fekk tildelt stønad frå Lindås Næringsfond i FO sak 044/18 kr.100.000,-. Og i FO sak 036/19 kr.150.000,-.
- Søknaden har vist to ulike kostnadsplanar der ein kostnadsplan (1) viser ein eigeninnsats utrekna til 61 arbeidsveker/15 mnd -1 person, medan ein annan kostnadsplan (2) viser ein tilsvarande kostnad men då til «kjøp av ekstern assistanse».
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden utanfor Næringsfondet

sine kriteriar, enn det som er innanfor. Søknaden bør ikkje innvilgast.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	26 Pep 2020_Søknad_30 apr 2020	1415817
30.06.2020	26 Pep 2020_Søknad_vedlegg Økon_30 apr 2020	1415818
30.06.2020	26 Pep 2020_Søknad_vedlegg2_30 apr 2020	1415819

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41884
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
053/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Purinam AS - Utvikle utstyr for mekanisk destruering av bakteriar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Purinam AS mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

Purinam AS er eit aksjeselskap. Etablert 08.04.2020. Ingen tilsette. (Kjelde: proff.no).

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Føretaket ynskjer å utvikle utstyr for mekanisk destruering av bakteriar og andre organismar i væske og gassar, herunder drikkevatt, ballastvatt og resirkulert vatt i fiskeoppdrett. Utstyret bruker ingen kjemikalier, og har ingen miljøskadelege utslipp. Utstyret kan skalerast etter mengde og type organismar.

Patentsøknad er levert 24/4. Med "Patent pending" står ein friare til å få laga prototype og få tredjepartsverifisering av dei resultatane som allereie er oppnådd ved bruk av ein enklare testjigg.

Prosjektleveranse/Målsetting

Patent, Prototypeutvikling med testing og tredjepartsverifisering.

Purinam AS søker midlar for eit prosjekt på 1 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak hovudsak produktutvikling. Føretaket driv med fagleg, vitenskapleg og teknisk verksemd, forskning og utvikling.
- Prosjektet har lite fokus på nye arbeidsplassar i Alver.
- Prosjektet har høg grad av innovasjon.
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden utanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er innanfor. Søknaden bør ikkje innvilgast.

Vedlegg i saken:

30.06.2020 30 Purinam_søknad_01 mai 2020

1415922

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41844
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
054/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – Synfaring AS - omstilling og tilpassing av drift

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Omstilling og tilpasning av drift» blir tildelt kr 150 000 frå Næringsfondet i 2020.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Synfaring AS er eit aksjeselskap, etablert 10.05.2018, og har 23 tilsette. (Kjelde: proff.no)

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Synfaring tilbyr tenester innan ulike typar inspeksjon, sertifisering, opplæring og engineering. Dei operar innan hovudmarknadene: Olje og gass, kraft og industri og havbruk og fartøy. Synfaring ynskjer å vere ein komplett leverandør av teknisk integritet innan m.a. løfteinnretningar og -utstyr, strukturar og forankringssystem.

Prosjektleveranse/Målsetting

Som følge av koranasituasjonen ser er det trong for å endre gjennomføring av kurs, gjennom alternativ til tradisjonell klasseromsundervisning. Synfaring tilbyr sertifisert opplæring for ulike typer av kraner, trucker og masseforflytningsmaskiner. Dei vil investere i ein simulator som kan brukast via instruktør under den teoretiske delen ved å vise «live» på nett. For praktisk kjøring må deltakerne kome til Synfaring når det passar å få praktisk opplæring.

Synfaring AS søker midlar til 1 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak nytt utstyr. Dette er i samsvar med vedtektene sitt pkt.4.2. Prosjektet har lite fokus på nye arbeidsplassar i Alver.
- Prosjektet har grad av innovasjon.
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden innanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast.

Rapportering skal skje minimum to gonger per år, jamfør fondsvedtektene pkt. 6.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	28 Synfaring_Søknad_30apr 2020	1415852
30.06.2020	28 Synfaring_Søknad_vedlegg_30apr 2020	1415853

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41829
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
055/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot frå næringsfondet – User Solutions AS - Internasjonalisering for produktet Boil in Box

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Internasjonalisering for produktet Boil in Box» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

User Solutions AS er eit aksjeselskap, etablert 16.05.2017. Det er ingen tilsette. (Kjelde: proff.no)

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Boil in Box vart lansert i slutten av 2019. Pr. i dag er det selt ca 15.000 einingar i Norge. Boil in Box skal spare miljøet for 100 millionar plastposar.

Hackit Norway fekk tildelt stønad kr.150.000,- frå Lindås Næringsfond i FO sak FO-051/16. User Solutions fekk tildelt stønad kr.35.000,- frå Lindås Næringsfond i sak 17/633, 05.07. til patentering av «Boil in bag». Det siste prosjektet er ikkje avslutta.

Prosjektleveranse/Målsetting

User Solutions AS søker no patent i USA, Canada, Australia og EU. Dei ynskjer å gjere produktet tilgjengeleg i desse geografiske områda. Ein vil samtidig auke marknadsføringa i Noreg.

User Solutions AS søker midlar til 1 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak internasjonalisering og merkevarebygging.
- Prosjektet viser eit internasjonalt vekstpotensial, legg opp til vekst i eksisterande verksemd og stimulerer til utvikling i næringslivet.
- Prosjektet har mindre tilknytning til Alver med tanke på arbeidsplassar. Ingen tilsette p.d. Det går ikkje fram korleis ein tenkjer å resultatmåle internasjonalisering i forhold til arbeidsplassar i Alver. Prosjektet har soleis låg grad av forankring og ringverknader med sysselsettingseffekt for Alver kommune.
- Prosjektet har ei klar målsetting med høg grad av innovasjon.
- Søklar opplyser at dei søker støtte hjå Innovasjon Norge også. Dette er ikkje vist i prosjektbudsjettet.

- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden innanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast.

Rapportering skal skje minimum to gonger per år, jamfør fondsvedtektene pkt. 6.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	23 User Solution_Søknad_29apr 2020	1415807
30.06.2020	23 User Solution_Søknad_Vedlegg_29apr 2020	1415808

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41707
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
056/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot til næringsfondet – Molvik bigard - Den søte smak av Alver - "geografisk" honning.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Den søte smak av Alver - "geografisk" honning» blir tildelt kr 40 000 frå Næringsfondet i 2020.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Molvik bigard vart etablert i 2014 og er eit enkeltpersonføretak. (Kjelde: proff.no)

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Molvik bigard driv med honningproduksjon, sal av bier og er først i Norge til å arrangere biesafari.

Leif-Helge Molvik har adresse Nipefjellet 72, 5308 Kleppestø, men driv familiegarden (og produksjonen) i Molvik.

Prosjektleveranse/Målsetting

Gjennom dette prosjektet ynskjer søkjar å etablere bigarder på 2 nye stader i Alver kommune og tappe honninga frå kvar bigard på eigen emballasje for på den måten kunne vise kor ulik honning er.

Molvik bigard søker midlar for 1 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak innkjøp av utstyr, dette er i samsvar med vedtektene sitt pkt.4.2. Samtidig vurderast delar av prosjektet å vere ordinær drift. Stønad skal ikkje nyttast til ordinær drift jfr. Pkt.4.4.
- Tiltaket vurderast å ha lågare grad av sysselsetningseffekt.

- Føretaket fikk tildelt stønad kr.50.000,- frå Lindås Næringsfond i FO sak FO sak 106/18 til prosjekt «Vestlandet trenger flere bier». Prosjektet er avslutta
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden innanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast.

Rapportering skal skje minimum to ganger per år, jamfør fondsvedtektene pkt. 6.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	15 Molvik_Søknad_22apr 2020	1415486
30.06.2020	15 Molvik_Søknad_vedlegg budsjett_22apr 2020	1415487
30.06.2020	15 Molvik_Søknad_vedlegg regnskap_22apr 2020	1415488
30.06.2020	15 Molvik_Søknad_vedlegg_22apr 2020	1415489

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41756
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
057/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot til næringsfondet – Reklamehuset Produksjon as - Profesjonalisering av Reklamehuset

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Reklamehuset Produksjon as mottar ikkje stønad frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i i Utval for næringsutvikling og drift

Bakgrunn

Reklamehuset Produksjon as er eit produksjonsselskap som er etablert i 1998 og har 12 tilsette.

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Reklamehuset Produksjon as ynskjer å kjøpe og bruke eit moderne crm-system, og bygge opp elektronisk kundedatabase for å bli meir effektiv.

Prosjektleveranse/Målsetting

Søklar har no kapasitet og kompetanse til å ta betydeleg større marknadsandelar, som vil krevje ein meir profesjonell bruk av marknadsføringsverktøy og systematisk sal og salstøtte. Søklar har følgjande forventningar til prosjektet:

1. Aktivt sal mot nye kundar, skal registrerast i systemet.
2. Alle førespurnader til Reklamehuset skal registrerast og systematiserast.
3. Kampanjar og marknadsføring i crm
4. Bygge og forvalte eit kunderegister.

Reklamehuset Produksjon as søker midlar for 1 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak systematisering av kunderegistrering gjennom innkjøp av utstyr, dette er i samsvar med vedtektene sitt pkt.4.2.
- Samtidig vurderast delar av prosjektet å vere ordinær drift. Stønad skal ikkje nyttast til ordinær drift jfr. Pkt.4.4.
- Søklar starta eit profesjonaliseringsprosjekt i 2019; (1) Nye lokaler, (2) modernisering maskinpark, (3) kompetanseheving, og (4) utviding av arbeidsplassar. Lindås kommune støtta trinn 1 med kr. 150.000. FO sak 012/19, og

trinn (2) med kr. 150.000. FO sak 036/19.

- Dette prosjektet vurderast å ha lågare grad av sysselsetningseffekt.
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden utanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er innanfor. Søknaden bør ikkje innvilgast.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	19 Reklamehuset_søknad_27apr 2020	1415610
30.06.2020	19 Reklamehuset_Søknad_Vedlegg crm_27apr 2020	1415611

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41793
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
058/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot til næringsfondet – Romarheim Entreprenør AS - utvikling av autonom styring av anleggsmaskiner

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Utvikling av autonom styring av anleggsmaskinen» blir tildelt kr 100 000 frå Næringsfondet i 2020.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Romarheim Entreprenør AS er eit aksjeselskap, etablert 02.05.2011. Det er 39 filsette. (Kjelde: proff.no)

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Søkjær opplyser at DCEA driv steinknuseverk på Eikefet i Alver kommune. Årleg produksjon er i dag ca. 1,5 millionar tonn stein, pukk og sand, det er forventat at denne aukar til 2,0 millionar tonn i løpet av 2020. RE skal utføre opplasting av stein frå sprengte salvar og transportere denne til sjakt ved steinbrotet på Eikefet. Romarheim Entreprenør ynskjer å gjere ein forstudie for å kartlegge mulegheiter for å kunne automatisere delar av drifta ved steinbrotet på Eikefet. Resultatet av studien vil kunne implementerast i eit pilotprosjekt der ein prøver ut løysinga i det verkelege liv. RE vil utføre forprosjektet saman med Steer AS.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet med hovudprosjektet er å få implementert autonom styring i 3 dumparar som skal produsere på Eikefet, samt overvake det og hauste data for å lettere kunne implementere tilsvarande løysingar på andre anlegg.

Hovudaktivitetar: Fase 1 – Fjernstyring av maskinar, Fase 2 – Oppstart autonom operasjon av maskinar, Fase 3 – Fullautonom operasjon av maskinar.

Romarheim Entreprenør AS søkjer midlar for 1 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak ein forstudie der ein vil kartlegge mulegheiter for automatisering.
- Prosjektet har mindre fokus på nye arbeidsplassar i Alver.
- Prosjektet har ei klar målsetting med høg grad av innovasjon. Sjølv om dette gjeld ein forstudie, er neste ledd i utviklinga truverdig/sannsynleg.
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden innanfor Næringsfondet

sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast.

Rapportering skal skje minimum to gonger per år, jamfør fondsvedtektene pkt. 6.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	21 Romarheim_Søknad_29apr 2020	1415726
30.06.2020	21 Romarheim_Søknad_vedlegg_29apr 2020	1415727

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/41775
Saksbehandlar:
Dato: 30.06.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
059/20	Utval for næringsutvikling og drift	07.07.2020

Søknad om tilskot til næringsfondet – Solholmen Vertshus AS - Merkevarebygging av reiselivsdestinasjonen Solholmen Vertshus AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Merkevarebygging av reiselivsdestinasjonen Solholmen Vertshus AS» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet i 2020. Midlane fordelast med 25.000,- pr. år i to år.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Solholmen Vertshus AS er eit aksjeselskap, etablert 04.07.2018. Det er 1 tilsett. (Kjelde: proff.no)

Saksopplysningar:

Om prosjektet

Ut i frå søkjar si analyse av marknaden, har Solholmen Vertshus AS eit potensiale i den internasjonale marknaden, og føre bedrifta i retning av reiselivstenester med muleg større kundeportefølje.

Føretaket har søkt på Etablerefondet for Bergensregionen. Resultatet er ikkje førebels kjent.

Prosjektleveranse/Målsetting

Resultatmåla er sett opp følgjande:

1. Nettverksbygging, andre aktørar Lokal mat.
2. Forretningsutvikling, fornye forretningsmodell. Dokumentasjon.
3. Delta på kurs og samlingar med reiseliv og forretningsutvikling, 10 samlingar.
4. Marknadsføring, utvikle marknasføringsmaterialet ut til den internasjonale marknaden. Foto.
5. Fysiske investeringar. Vedlikehald og hagearbeid.

Solholmen Vertshus AS søker midlar til prosjekt som går over 2 år.

Vurdering

- Prosjektet gjeld i hovudsak merkevarebygging. Søknaden har ikkje fokus på nye arbeidsplassar i Alver.
- Stønadsbeløp utgjer 74% av investeringa. Stønadsbeløp kan ikkje overstige meir enn 50% av samla kapitalbehov, (max-periode 3 år), jfr.pkt.4.3.
- Prosjektet gjeld marknadsføringsinfo til utanlandske gjestar. 40% av investeringa skal gå til marknadsføring, medan 40% av investeringa skal gå til opprusting av anlegget.

- Føretaket er lite Alver-relatert, aksjeeigarane er busett i Bergen.
- Tiltaket vurderast å ha lågare grad av sysselsettingseffekt.
- Etter ei samla vurdering ligg ein større del av søknaden innanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast.

Rapportering skal skje minimum to gonger per år jamfør fondsvedtektene pkt. 6.

Vedlegg i saken:

30.06.2020	20 Solholmen_Søknad Vedlegg1 Investering_12 jun 2020	1415717
30.06.2020	20 Solholmen_Søknad Vedlegg2 Merkevarerbygging_12 jun 2020	1415718
30.06.2020	20 Solholmen_Søknad Vedlegg3 Nettverk_12 jun 2020	1415719
30.06.2020	20 Solholmen_Søknad_12 jun 2020	1415720